

Snart tur til Åkrafjorden

17.09.2008

Uskedal Utvikling arbeider med å finna ei høveleg tid for den planlagte turen til Åkrafjorden og truleg vil veke 41 vera aktuell. Også uskedelingane vil ha mykje å læra langs nabofjorden i sør når det gjeld bygdeutvikling og turisme.

Prosjektleder Kristian Bringedal ønskjer at det meldar seg minst 10 slik at turen kan arrangerast.

Åkrafjorden Oppleving har lagt opp eit fristande program med omvisning i Fjordkultursenteret først og deretter fjordsasfari med ribbåt, bevertning på Eljervik gard og presentasjon av Åkrafjorden Oppleving og Landskapsparken.

Programmet varar frå klokka 16 (ankomst Åkrafjordtunet via Utåker-Skånevik) til klokka 19.

Bringedal tar i mot påmeldingar.